

VEDTEKTER FOR STIFTINGA MARHEIM

§ 1 Stiftinga sitt namn og etablering

Stiftinga sitt namn skal vere Stiftinga Marheim.

Stiftinga er etablert den 17/06 2020 med midlar mottekne av:

- Sogndal kommune kroner 1.000.000
- Vestlandsforsking kroner 20.000
- L Melzers Høyskolefond kroner 20.000
- Norsk Bremuseum kroner 10.000

I tillegg har Høgskulen på Vestlandet og Havforskningsinstituttet tilført stiftinga ei gåve på kr. 20.000,- kvar i forbindelse med etableringa.

§ 2 Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital er kroner 200 000 (tohundretusen).

Grunnkapitalen er fordelt slik:

- Sogndal kommune kroner 150.000
- Vestlandsforsking kroner 20.000
- L Meltzers Høyskolefond kroner 20.000
- Norsk Bremuseum kroner 10.000

§ 3 Formål

Stiftinga sitt formål er å opprette og drive eit senter i Fjærland som skal samle, skape og spre kunnskap om fjord og fjordlandskap, hav og marine forhold gjennom reelle og virtuelle opplevingar. *Stiftinga si verksemd vil omfatte både samfunns- og naturvitskaplege fagfelt, samspelet i naturen og samspelet mellom natur og menneske.* Stiftinga skal legge til rette for at senteret kan nyttast i samband med forsking og undervisning og som kurscenter.

Senteret skal vere ein stad der menneske kan oppleve fjorden med innhald og vitalitet, og samspelet mellom fjord og fjell.

Stiftinga kan samarbeide med, opprette eller delta i verksemdar med same eller liknande formål, og vere ein bidragsytar og ei drivkraft i regional utvikling med fokus på kunnskapsutvikling og formidling.

Stiftinga skal ha til hensikt å vere sjølvfinansierande over tid, men skal ikkje ha erverv til formål.

§ 4 Styre

Styret i stiftinga skal utgjere 5 medlemar, og av desse skal det vere minst 2 av kvart kjønn. Det kan veljast inntil 3 varamedlemar.

Fjærland Bygdalag, eller Sogndal kommune dersom bygdalaget blir nedlagt, skal ha rett til å oppnemne eitt medlem i styret.

Vidare skal stiftarane av stiftinga skal ha rett til å oppnemne eitt medlem av styret.

Andre styremedlemar, her medrekna styreleiar, skal veljast av styret. Valet skjer med alminneleg fleirtal. Styret vel også styremedlemar som Fjærland Bygdalag og stiftarane har rett til å oppnemne, dersom desse ikkje nyttar seg av retten til å oppnemne styremedlemmer.

Ved etableringa av stiftinga skal 3 styremedlemar veljast for fire år og 2 styremedlemar er for to år. Seinare skal alle nye medlemar veljast for 4 år, slik at det anna kvart år blir valt 3 styremedlemar og anna kvart år to styremedlemar.

Så langt muleg skal styret ha ei samansetning som medfører at alle sider av stiftinga sitt formål blir best muleg ivaretatt.

Stiftinga sin kapital skal forvaltast av styret. Styret oppnemne rekneskapsførar og revisor, og sørge for at rekneskapsføring og revisjon blir gjennomført etter gjeldande reglar.

Styret kan tilsette dagleg leiar/forretningsførar.

Styret representerer stiftinga. Styret kan gi fullmakt til styreleiar og eitt av dei andre styremedlemane, slik at desse i fellesskap har signatur for stiftinga.

§ 5 Styret si sakshandsaming

Styret treffer sine vedtak i møte, med mindre styreleiar finn at saka kan leggest fram skriftlig eller handsamast på anna tilfredsstillande måte. Årsrekneskap skal alltid handsamast i møte. Møtet skal enten haldast ved fysisk oppmøte eller ved telefon/videokonferanse, slik styreleiar finn det formålstenleg. Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av styremedlemane deltek på styremøtet.

Eit vedtak hos styret krev at eit fleirtal av dei styremedlemane som deltek i handsaminga av ei sak, har stemt for. Ved stemmelikheit gjeld det som styreleiaren har stemt for.

Eit styremedlem kan ikkje delta i handsaminga og avgjerda av saker som har slik særleg betydning for medlemen sjølv, for nokon av medlemmens nærstående eller for juridisk person som medlemen eller nokon av medlemens nærstående har stilling eller tillitsverv i, at medlemen må reknast å ha ei særleg personleg særinteresse i saka.

Styret skal føre protokoll frå sine møter. I protokollen skal minst gå fram:

- Tid og stad og form for møtet.
- Kven som er til stades.
- Kva vedtak som blir fatta, her medrekna kven som stemmer for og kven som stemmer mot eller avstår frå å stemme i ei bestemt sak.

Det skal holdast regelmessige styremøter ut frå aktivitet og behov, samt elles når dette blir kravd av eit styremedlem, dagleg leiar eller revisor og når dette følgjer av lov/andre relevante føresegner.

§ 6 Revisor

Stiftinga skal ha revisor valt av styret.

§ 7 Adresse

Stiftinga sin heimstad og styret sitt sete skal vere i Fjærland i Sogndal kommune.

§ 8 Forvaltning av avkasting m.m.

Stiftinga sin disponible grunnkapital, samt den årlege nettoavkasting, skal etter styret sine disponeringar nyttast innanfor stiftinga sitt formål.

§ 9 Omdanning

Styret har kompetanse til å omdanne stiftinga. Det skal innhentast uttale frå opprettarane i den grad dette er kravd etter stiftingslova av 2001 § 49.

Vedtak om omdanning er ikkje gyldig før dette er godkjent av Stiftingstilsynet, jf.stiftingslova av 2001 § 48.


10 Oppheving

Styret har kompetanse til å oppheve stiftinga. Stiftinga skal oppløysast dersom den ikkje lenger kan virke til fremje av formålet.

Ved ei eventuell oppløysing av stiftinga skal stiftinga sine eventuelle attverande midlar, etter at alle plikter er dekkja, overførast til ein organisasjon heimehøyrande i Sogndal kommune som skal fremje stiftinga sitt formål.

Sogndal, den 17.06.2020


Sogndal kommune


Vestlandsforskning


L Meltzers Høyskolefond


Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaviten